

## **Møtebok 2-24, Lykling sokneråd 31.01.24**

Dag: 31.01.24 Tid: kl 19:00 Stad: Lykling kyrkje

### **Rådsmedlem:**

Roald Drønen, Silje E. Oldereide, Hildegunn L. Stautland, Sissel S. Gåsland, Lillian Thorsen, Elisabeth H. Grønnevik

### **Vara:**

Hildegunn Andal informerte om arbeidet med trusopplæring og arrangement knytt til dette før møte.

### **Saksliste:**

#### **Sak 06-24 Godkjenning av referat og innkalling**

Ingen merknader.

#### **Sak 07-24 Meldingar og skriv**

Ingen meldingar eller skriv til møte.

#### **Sak 08-24 Ny sokneprest**

Laila Hansen Røksund har takka ja til stilling som prest for Bømlo og Lykling sokn. Hildegunn har vore med i tilsettingsrådet, og alle medlemmane har fått informasjon undervegs.

#### **Sak 09-24 KN Faste aksjon**

Kirkens Nødhjelp sin årlege faste aksjon, er i år 17-19. mars. Det skal vera bøsse innsamling søndag 19. mars og Sissel er ansvarleg for aksjonen.

Konfirmantane går med bøsser, men dei vil også trenge hjelp frå føresette og andre for å kunne dekke heile krinsen.

Soknerådet stiller med tre personar i kyrkja den 19.03, som er med på det praktiske arbeidet samt steiker vaflar til bøsseberarane når dei kjem tilbake etter innsamling.

#### **Sak 10-24 Moster 2024**

Det er eit ynskje om at sokneråda er med på dugnad under gudstenesta i Moster Amfi. Det er ikkje kome førespurnad direkte til soknerådet, men Hildegunn og Silje tar med seg spørsmål om dette til møte med leiarar og nestleiar for alle sokneråda.

#### **Sak 11-24 Ymse**

- Fellesrådet

Det er krevjande økonomi i fellesrådet, og mange skal dela få midlar. For å kunne koma i posisjon til å søkja midlar gjennom ulike tilskotsordningar, bør ein sjå på alternative måtar å organisera arbeidet rundt kyrkja på. Hildegunn tar kontakt med

Odd Ingvar Nilssen i Bømlo sokneråd for å høyra korleis arbeidet rundt støttelaget for Bømlo gamle kyrkje blir organisert.

- Evaluering av Heilage tre kongers fest  
Eit kjekt arrangement med masse folk. Dette er ein tradisjon vi bør føra vidare. Til neste år bør vi gjera gudstenesta enklare og meir familie vennleg. Vi må sjå på maten, gjera også denne meir barnevennleg og det må vera eit alternativ for dei som har allergiar. Juletregong og stolleiken bør vidareførast.

**Neste soknerådsmøte er 6.03.24 kl 1900 i Lykling kyrkje.**

Referent: Elisabeth H. Grønnevik